



Årsmelding, Sirdal skilag 2018

Årsmøte 28. mars, 2019.

«Brakkå», Sirdal skiarena.

Godkjenning av inkalling til årsmøte

Val av møteleiar

Val av referent

Val av 2 personar til underskrift av møteprotokoll

Gjennomgang av årsrapportar

Gjennomgang av reknskap 2018, og budsjett 2019

Val

Organisering av Sirdal skiarena

Eventuelt

Årsrapport frå styret

Styret hat i 2018 bestått av

Formann, Arne Tjørhom

Skiskyting, Roy Hegre

Langrenn, Birgitta Tjørhom

Trim, John-Ove Sinnes

Kasserar, Kari Andersen

Styret har hatt 4 styremøte i 2018.

Framleis er den nye skiarenaen i fokus. Der har vorte eit framifrå anlegg, og me haustar mykje ros frå brukarane av Sirdal skiarena. Ikkje minst er det vorte flott her no som «Brakkå» er oppe og går.

I juni hadde me utvida styremøte, altså at medlemmene i undergruppene også deltok. Då vart årsplan for sesongen 2018/2019 laga med innspel frå dei ulike gruppene. Det var også roligere ved oppstart av ny sesong, då programmet alt var klart. Gunnhild Kvinen vart også valt som ny representant frå Sirdal skilag i styre i Sesilåmi.

Me fekk godkjend lovnorm for idrettslag på sist årsmøte, og dette gjorde at me igjen kunne søke, og fekk innvilga medlemskap i Grasrotandelen.

Me mottok 25.000,- av Bygdekvinnelaget til hjertestartar, og denne er no på plass. Styret arrangerte årsmøte og 2 lagskveldar i 2018. Lagskveld med premieutdeling og bingo er kjempepopulært, og John-Ove gjer ein fantastisk jobb som bingovert.

Eit anna tema som var oppe på styremøtet var forslag om dugnadsgrupper. Til dømes «kioskgruppe», «vedlikehaldsgruppe» osv. Nå som me har fått slikt eit flott anlegg treng me meir av våre medlemmar til å gjera ein innsats. Det er kan hende letare å organisere og få logistikken til å gå opp når ein har slike grupper?

Men, Sirdal skilags medlemmar er fantastiske til å stille opp, og det hadde aldri gått rundt hadde det ikkje vore for alle dykk. Tusen takk til alle for at de gjer ein fantastisk innsats!

Årsrapport frå trimgruppa

Årets bidragsytarar:

John-Ove Sinnes

Karine Tjørhom Myrha

Helin Morel

Saftutdelar terrengløp: Are Myrha

Fotball - vaksne

Som vanleg har det vore harde venskapelige taklinger kvar måndag kl. 20:00 i gymsalen på skulen, eller ute i ballbingen.

Det uvanlege er at dette har vore tidenes rekrutterings sesong:

Minst 8 nasjoner og ein "hyttemann" har vore innom treningane, i tillegg til dei vanlege sirdølane. Mellom 4 - 16 mann har vore faste, og ein gong var me så mange at me måtte nytte stor bane på skulen. Dette er stas!

Ei anna uvanleg hending, er at det i år har vore fleire skadar. -Ein skulle nesten tru me var begynt å bli gamle!

Gubbe trim - Innebandy

Desse treningane er som alltid kvar torsdag kl. 20:00 i gymsalen på skulen. Her har det variert frå 4 til 12 mann, men ikkje like internasjonalt som på fotballen. - Kanskje er det høg kølleføring, og ikkje fullt så venskapelig taklingar som blir frykta?!

Terrengløp

Terrengløpet vart arrangert frå 23. august til 04. oktober, sju torsdager til saman.

I år var det noko lengre løype for dei eldste, og nye hinder for alle klasser.

Heile 51 deltakere var med, og 47 av desse møtte opp meir enn fire gonger og fekk dermed premie.

Terrengløpet vart avslutta under brua med grilling av pølser, kake og kaffe på bålet.

Sykkelløpet

Sykkelløpet vart arrangert torsdag 24. mai på Sinnes skule.

Barn under skulealder, samt 1-2. klasse, sykla til rundkjøringa.

3-4. klasse sykla til Myraleitet, og dei eldste til G.P.

I tillegg var det *dugleiks* - løype på fotballbanen med nye heimesnikra hinder.

Fotball

Fotballgruppa starta med treningar etter påske, pause i sommarferien, og haldt på fram til haustferien.

Det var treningar kvar tysdag i gymsalen, ballbingen og grusbanen ved Sinnes skule.

Det har deltatt barn født 2009, 2010, 2011 og 2012. Ein god gjeng med mellom 10 opptil 20 barn på trening.

Dei har delteke på 2 fotballturneringer, i Tananger med 3 lag, og på Tonstad med 2 lag. God innsats av alle i begge turneringane.

2 av trenarane har turnusjobbar, og har vore avhengig av god hjelp frå andre foreldre, takk!

Laget har blitt trent av Odd-Kjetil Kvalvågnes, André Karoliussen og Solveig Marie Ådneram

Barn født 2007 og 2008, har trent i ballbingen på Tjørhom, og har vore mellom 7-10 på treningane.

Dei har delteke på fotballturnering i Tananger med god innsats.

Trenar har vore Erik Kolbeinsen

Langrenn

I 2018 har langrennsgruppa bestått av Odd-Kjetil Kvalvågnes, Gunhild Kvinen og Birgitta Tjørhom. Vi har hatt et par møter gjennom året for å planlegge de ulike aktivitetene.

Vi arrangerte som vanlig lysløypekarusell 10 torsdager mellom nyttår og påske. Det var 100% deltakelse fra 1.-7. klasse og også mange barn under skolealder. Til sammen deltok 57 stk. på lysløypekarusellen i 2018. Siste lysløypekarusellen ble arrangert som klubbmesterskap med en liten premieutdeling på grendehuset etterpå. Nytt av året var at skileik/skitrening ble arrangert på torsdager før lysløypekarusellen. Dette ble godt mottatt og er en ordning vi kommer til å fortsette med. Linda og Roger Grubben, Tarjei Tjørhom og Anders Tjørhom var trenere på skileik og skitrening.

I løpet av vinteren var det stor deltakelse på skirenn. Sirdalsstafetten arrangerte vi onsdag 21.mars. Her hadde vi med 9 hele lag fra Sirdal Skilag, og en løper som deltok på miks-lag sammen andre klubber. I tillegg til lokale renn, reiste 27 stk, 11 voksne og 16 barn, på langtur til Hovden for å være med på KM 26-28. januar. Dette ble en veldig bra tur! Det var gøy å være en hel gjeng som gikk renn, og badelandet på Hovden fungerte bra som restitusjon etterpå.

På høsten gjennomførte vi rulleskitrening sammen med skiskyttergruppa. 3.klasse fikk være med skiskytterne, og i tillegg laget vi en hinderløype for 1.-2.klasse på skolen. Godt regnvær bidro nok til at det ikke var mange fra de yngste klassene som deltok her.

Innetrening ble gjennomført fra høstferien og fram til jul. Odd-Kjetil Kvalvågnes/Selma Kvæven, Solveig Marie Ådneram og Jorid Tafjord var trenere her. Formålet med innetreningen er allaktivitet og kjekke aktiviteter alle kan være med på. Men den skal være trenerstyrt og ikke fri lek i gymsalen. Dette fungerte godt for gjengen fra 5.-10.klasse. For de i 1.-4.klasse var det derimot litt vanskeligere, her var det mye uro og det ble vanskelig å få til positive samlinger. Sammen med trenerne kom vi derfor med et ønske om at foreldrene ble med på treningene, i tillegg til at alle snakket litt med barna om hvordan opplegget på treningene er tenkt. Det kan være viktig å gjenta denne oppfordringen før neste års innetrening starter.

Vi i langrennsgruppa er godt fornøyde med året som har gått og deltakelsen på alle aktivitetene vi har gjennomført.

For langrennsgruppa

Birgitta Tjørhom

Fjelljeger

I år var det 198 stk som leverte inn Fjelljegeren.

Me selte totalt 274 startkort som er ny rekord!

Den flotte somaren som me hadde i 2018 gjorde nok sitt til at mange hadde fine Fjelljegerturar.

Gerd Madland.